



Kommunane i Hordaland, regionale sektororgan,
konsulentar, politikarar,
utdannings- og forskingsmiljø

Dato: 15.09.2014
Vår ref.: 2014/20899-2
Saksbehandlar: livsund

Invitasjon til Plankonferansen 2014 i Bergen 28. og 29. oktober

Klima i areal- og transportplanlegging – frå ord til handling er tema for plankonferansen 2014 som finn stad 28. og 29. oktober på Hotel Grand Terminus i Bergen. Plankonferansen er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Om årets tema

Klima står høgt på dagsorden nasjonalt og internasjonalt og debattane har vore mange. Mange snakkar om det, men kva kan vi gjere for å møte utfordringane? Kva kunnskap treng vi, og korleis skal vi nytta denne i det praktiske arbeidet? Plankonferansen 2014 set desse spørsmåla på dagsorden.

Gjennom samordna areal- og transportplanlegging kan fylkeskommunar og kommunar påverke utslepp av klimagassar og hindre uheldige følgjer av klimaendringar. Fylkestinget i Hordaland har i vår vedtatt ein oppdatert klimaplan med eit offensivt handlingsprogram. Mange kommunar har vedtatt eigne klimaplanar. Ved å trekkje i lag mot felles mål kan vi oppnå eit meir berekraftig samfunn.

Transportsektoren er særleg viktig for å oppnå klimamål. Satsinga på infrastruktur for elbilar er eksempel på eit kortsiktig og effektivt tiltak. På lengre sikt vil arealplanlegginga ha stor betydning. Arbeidet med areal- og transportplan for Bergensområdet er såleis eit svært viktig tiltak. Regional transportplan for Hordaland har eit ambisiøst mål om at veksten i persontransporten i hovudsak skal skje kollektivt.

Målgruppe

Målgruppe for konferansen er planleggjarar og sakshandsamarar frå kommunal og statleg forvaltning, utbyggjarar, kommune- og fylkespolitikarar, konsulentar innan plan, regionale sektororgan, utdannings- og forskingsmiljø.

Praktiske opplysningar

Konferansen går over to dagar, men det er mogleg å delta på berre ein av dagane. På dag to er det påmelding til tre ulike sesjonar. I dagpakkane er inkludert alle måltid unntatt middagen om kvelden 28. oktober. Deltakarar må sjølv syte for overnatting. Det er førehandsreservert 50 rom på Grand Terminus. For meir informasjon om prisar og overnatting viser vi til vedlagte program.

Påmelding

Elektronisk påmelding på <http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2014/Plankonferansen-2014/>
Sida ligg under Kurs og konferansar på www.hordaland.no.
Sjå også informasjon om konferansen på www.hordaland.no/plan

Påmeldingsfrist er **14. oktober**

Praktiske spørsmål kan rettast til Synnøve Fjeldberg, tlf. 55 23 92 82, e-post: regional@hfk.no eller til Liv Sundheim, tlf. 55 23 92 95, livsund@hfk.no

Konferansen er ein viktig møteplass for fagfolk og politikarar frå heile fylket. Vi ønskjer velkomen til inspirerende og lærerike dagar!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Marit Rødseth
plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Program